



Foto: Ola Matti Mathisen

**Den unge musikaren Vegard Døsland frå Uskedalen kan sjå tilbake på nokre minnerike dagar i Skottland og England. Han deltok i finalen i den britiske meisterskapen for brassband og spela med det skotske korpset St. David's Brass. Korpset spela i 3rd section, og plasserte seg som nr. 10 av 17 korps.**

-Korpset var fornøgd alt då dei hadde kvalifisert seg til finalen. Konkurransen om det er knallhard, det er delt inn i regionar der det vert arrangert kvalifiseringskonkurransar. Skottland hadde to plasser i finalen, og St. David's vann altså ein avdesse. Kvalifiseringa fører til svært høgt nivå på finalen. Totalt var 17 altså med i finalen vi kom som nr. 10.

Vegard fortel at det nok var forhåpningar om ei endå betre plassering etter at dei hadde spelt, tilbakemeldingane var særst gode, og korpset vart omtala som eit av korpsa som hadde ekstra kvalitetar. Nokre av musikarane heldt særst høgt nivå.

Men uansett er ikkje plasseringa viktigast. Det er opplevingane, og dei har vore heilt fantastiske. Uskedelingen reiste til Edinburgh onsdag og fekk oppleva mykje i denne flotte byen, før ein 8 timar lang busstur sørover lørdag førte dei til Cheltenham der finalespelet vart arrangert. Det føregjekk i ein stor flott konsertsal søndag, og Vegard seier at det var mykje meir folk enn det han er vane med frå Norge. Det var ein utruleg stemning. Sosialt var og dagane heilt topp.

Vegard seier at han fekk svært god kontakt med musikarane i korpset, og han opplevde korpset som ein svært samansveisa og inkluderande gjeng. – Det var utruleg kjekt å oppleve kulturen og miljøet. Vivar og mykje saman utanom øvingane, seier han. Han budde privat i Edinburgh medan heile korpset naturleg nok budde på hotel i England.

Han sette og stor prispå å ha ein kjent som reisefølgje; Camilla Sandøy Moss frå Tysnes spela tidlegare fast medkorpset då ho studerte i Edinburgh, og det var også ho som formidla kontakten mellom Vegard og korpset.

11.11.2020

Uskedal Utvikling

-Eg set utruleg pris på at eg fekk vera med pådette. Eg kjem til å sakne vennene i St.David`s. Dette var langt over det eg venta.

Av Ola Matti Mathisen